



Fitjar kommune

Barnehageplan

2020 - 2030



Innhald

Innleiing	2
Føringane våre.....	3
FNs berekraftsmål og rammeplanen for barnehagar.....	3
FNs barnekonvensjon	5
Meld.St. 6 (2019 – 2020) – Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO.....	5
Meld. St. 19 (2015 – 2016) – Tid for lek og læring	5
Rammeplan for barnehagar	6
Barnehagetilbodet i Fitjar.....	6
Barnehagefakta – Fitjar kommune.....	6
Barnehagen sine rammer	9
Kvalitet i barnehagen	10
Satsingsområde	12
Barnehagane i Fitjar kommune	15
Fitjarstølane barnehage	15
Dåfjorden barnehage	17
Fitjar Sokneråds barnehage.....	18
Fjellheim FUS Friluftsbarnhage AS	20
Årskog barnehage.....	22
Notid og framtid	24
Fitjar kommune	24
Dagens situasjon.....	25
Kvar skal me i framtida?	26
Framskrivningstala til 2030.....	27
Barnehageutvikling.....	27
Dagens barnehagestruktur – planar for framtida	28
Utvida Fjellheim FUS Friluftsbarnhage frå 65 plassar til 100 plassar	29
Utvida Fitjarstølane barnehage frå 48 plassar til 83 plassar	30
Tilskot til dei private barnehagane - dagens finansieringsmodell.....	31
Oppsummering.....	32
Vedlegg til plan.....	36

Innleiing

Barnehageplanen for perioden 2017 – 2020 må reviderast. I utval for oppvekst og omsorg sak 39/19 vart det lagt føringar for kva hovudemne som skal leggjast til grunn for ny barnehageplan for perioden 2020 – 2030. Dei siste åra har ein i samband med barnehageopptaka sett at ein har balansert søkjartalet og tilgjengelege barnehageplassar med små marginar. Etterspørsel og kapasitet har vore samsvarande. Våren 2019 vart denne situasjonen endra grunna variasjon i årskulla og tilflytting. Kommunen opplevde at det var for få plasser tilgjengeleg. Denne gongen greidde ein å løysa utfordringa på ein god måte, men kapasiteten er no fult utnytta.

Denne situasjonen viser at kommunen er sårbar i høve til å ha nok tilgjengelege barnehageplassar. Av den grunn vil kapasitetutfordringa få ein sentral plass i den nye barnehageplanen. Her vart det lagt føringar for planperioden ved at ein utvidar talet på tilgjengelege barnehageplassar for på den måten møte framtidige svingingar i barnetal/tilflytting. Denne endringa i talet på tilgjengelege plassar vil føra til ein del spørsmål som det må takast stilling til. Skal denne utvidinga skje i privat eller kommunal regi? Kva vil kunna skje med barnehagestrukturen dersom det blir stor konkurranse om barna? Vil barnehagar som ikkje får fylt opp plassane sine få store driftsmessige utfordringar? Vil desse konsekvensane kunna føre til nedlegging?

Barnehageplanen sitt innhald

Barnehageplanen inneheld følgjande delar:

- Innleiande del med mandat, organisering av planarbeidet og organisasjonen vår
- Framtida vår skal seie noko om dagens situasjon og framtida
- Kvalitet i barnehagen
- Fakta om barnehagane – barnehagane presenterer seg sjølv
- Tverrfagleg samarbeid i kommunen
- Kapasitet og økonomi



Foto: Årskog barnehage

Føringane våre

FNs berekraftsmål og rammeplanen for barnehagar

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stanse klimaendringane innan 2030. Berekraftsmåla er implementert i kommuneplanen og måla skal vere gjennomgåande i all kommunal planlegging.



Sjølv om alle berekraftsmåla er relevante, vil barnehageplanen særskilt fokusere på mål 3, 4, 5 og 10.

Sosial berekraft vil vere eit viktig fokusområde for barnehagane. Det er viktig at barnehagane, saman med skulane, gjer barna våre medviten deira rolla i å sikra ei berekraftig verd. Sosial berekraft kan mellom anna målast gjennom fråvær av mobbing, trygge og gode oppvekstmiljø og tryggleik med omsyn på trafikkforhold eller kriminalitet.

Rammeplanen:

«Barnehagen skal ha en helsefremmende og forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremmes i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd og forebygge krenkelser og mobbing. Om et barn opplever krenkelser eller mobbing, må barnehagen håndtere, stoppe og følge opp dette.

Barnehagen skal være et trygt og utfordrende sted der barna kan prøve ut ulike sider ved samspill, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte i å mestre motgang, håndtere utfordringer og bli kjent med egne og andres følelser. Barna skal ha mulighet til ro, hvile og avslapping i løpet av barnehagedagen.

Barnehagen skal være en arena for daglig fysisk aktivitet og fremme barnas bevegelsesglede og motoriske utvikling. Måltider og matlaging i barnehagen skal gi barna et grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevaner.


Gjennom den daglige og nære kontakten med barna er barnehagen i en sentral posisjon til å kunne observere og motta informasjon om barnas omsorgs- og livssituasjon. Personalet skal ha et bevisst forhold til at barn kan være utsatt for omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep, og vite hvordan dette kan forebygges og oppdages.»



God helse

Sikra god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder. For å ha fokus på dette skal barnehagane:

- Systematisk arbeida med livsmeistring, kosthald og ernæring
- Fokus på arbeid med kroppen vår, fysisk og psykisk helse
- Inkludering for alle barn
- Ha fokus på og jobbe systematisk med relasjonskompetanse
- Leggje til rette for balanse mellom kvile og aktivitet
- Leggje til rette for å stimulere til varierte fysiske aktivitetar
- Følgje nasjonale retningslinjer for kost og ernæring i barnehagen



God utdanning

Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle. For å ha fokus på dette skal kommunen:

- Sørge for nok barnehageplassar til dei som ynskjer det
- Sikre kvalitet i alle ledd og god kompetanse for barnehagen sitt personale
- Kompetanseutvikling av tilsette i barnehagen
- Vektleggje lesing og språkutvikling i barnehagen
- Leggje til rette for leik som fremjar god læring
- Deltaking på kompetanseheving gjennom nettverk i regionen, døme PPT og FOS
- Systematisk fokus på tidleg innsats
- Arbeide med fagområder i rammeplanen som overgang til fagplanane i skulen

Rammeplanen seier:

«Barnehagen skal bygge sin virksomhet på prinsippet om likestilling og ikke-diskriminering og bidra til at barna møter og skaper et likestilt samfunn. Alle skal ha like muligheter til å bli sett, hørt og oppmuntret til å delta i fellesskap i alle aktiviteter i barnehagen. Personalet må reflektere over sine egne holdninger for best mulig å kunne formidle og fremme likeverd og likestilling.»



Likestilling mellom kjønnene

Oppnå likestilling og sikre at både jenter og gutar skal kunna ta ut sitt potensiale både som barn og framtida sine vaksne. For å ha fokus på dette skal barnehagane i kommunen:

- Ha fokus på barns likskapar og ulikskapar
- Ta vare på mangfald og likeverd
- Inkludera barn med ulike føresetnadar
- Utvikla stimulerande leikemiljø
- Ha medvitne vaksne som legg føringar for likestilling mellom kjønna



Mindre ulikskap

Redusere ulikskapar i og mellom land. Dei som har minst må gis moglegheiter og tenester slik at dei kan skape seg betre levekår.

- Felles opplevelser som plattform for felles språk
- Likt utgangspunkt for lek og kommunikasjon
- Medvitne om at ulikheit er ein ressurs
- Medvitne vaksne i møte med barn som har ulike behov

FNs barnekonvensjon

Barnekonvensjonen er styrande for all kommunalt arbeid som har med barn og unge å gjere.

Alle handlingar som angår barn og som vert sett i verk av mynde eller organisasjonar skal først og gremst ta omsyn til barnets beste.

FNs Barnekonvensjon artikkel 3

Meld.St. 6 (2019 – 2020) – Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO

Stortingsmeldinga har fokus på me skal ha ein barnehage og skule som gjer moglegheiter for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell eller språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive eller fysiske forskjellar. Meldinga har fokus på tidleg innsats og inkluderande fellesskap. Regjeringa ynskjer å leggje til rette for at kompetansen kjem tett på barna og elevane. Det er eit ynskje å styrke det tverrfaglege samarbeidet med eit større kompetanseløft. Regjeringa ynskjer også å leggje til rette for eit meir likeverdig SFO tilbud og at flest mogleg skal få moglegheit til å kunne gå på SFO, uavhengig av bakgrunn.




Meld. St. 19 (2015 – 2016) – Tid for lek og læring

God språkdugleik er ein føresetnad for at barn skal få ein god start og gode moglegheiter til å klara seg vidare i livet og er i meldinga prioritert som noko av det viktigaste i barnehagen. Vidare blir det lagt vekt på styrka innsats for eit godt omsorgs- og læringsmiljø med fokus på god trivsel hjå barna, og ei tydeleg ansvarleggjering av barnehagen for å førebyggja, avdekka og handtera mobbing. Det systematiske pedagogiske arbeidet til barnehagen gjennom planlegging, dokumentasjon og vurdering, er sterkt vektlagt i meldinga. Det same gjeld god overgang og samanheng mellom barnehage og skule.



Rammeplan for barnehagar

Med bakgrunn i *Meld.st.24 (2012 – 2013) - Framtidens barnehage* kom behov ny rammeplan for barnehage. Hausten 2017 kom ny rammeplan for barnehage med fokus på barnehagens verdigrunnlag, ansvar og roller, barnehagens formål og innhald, barns medverknad, samarbeid mellom heim og barnehage, overgangar, barnehagen som pedagogisk verksemd, barnehagens arbeidsmåtar og barnehagen sine fagområde. Ny rammeplan viser tydelege krav til innhaldet i barnehagen.



Barnehagetilbodet i Fitjar

Barnehagefakta – Fitjar kommune

UDIR presenterer statistikk for barnehage kvart år i februar. Her finn ein tal for:

- Foreldreundersøkinga til UDIR
- Tal barnehagar
- Tal barn – alder
- Om barnehagen
- Opphaldstid
- Bemanning osv.

I Fitjar er barna fordelt slik året 2019 - 2020:

Tal barn i barnehage fordelt på årskull og barnehage registrert i Basil pr. 15.12.2019							
	2019	2018	2017	2016	2015	2014	Totalt tal barn pr barnehage
Fitjar soknerådsbarnehage	0	7	11	9	17	17	61
Fitjarstølane bhg	0	1	11	5	10	9	36
Fjellheim	0	3	15	11	10	8	47
Årskog	0	2	1	4	4	4	15
Dåfjorden	0	1	3	7	2	3	16
Totalt i kommunen	0	14	41	36	43	41	175
Barn folkeregistrert i kommunen		26	45	38	43	41	193
Barn som ikkje er i bhg		11	3	2	0	0	16
Tal barn reg. i Fitjar men som går i barnehage på Stord		1	1				2

Det er stor variasjon i storleik og skilnad i profil til dei ulike barnehagane. Som døme har me Fitjar soknerådsbarnehage som er ein kristen barnehage, Fjellheim FUS barnehage er ein friluftsbarnhage og Årskog barnehage har ein kreativ profil. Barnehagane er også ulike på storleik der dei minste barnehagane har 18 plassar, og den største har 79 plassar.

Fordeling av plassar i barnehagen blir gjort på to måtar. Barn som blir 3 år inneverande barnehageår tel som to plassar fram til sommaren. Barn som blir 3 år inneverande barnehageår tel som ein plass frå 1. august. Tabellen under viser talet på plassar pr. 15.12.19 fordelt på årskull:

Tal plassar fordelt på årskull							
	2019	2018	2017	2016	2015	2014	Totalt tal plassar
Fitjar sokneråds barnehage	0	14	22	9	17	17	79
Fitjarstølane bhg	0	2	22	5	10	9	48
Fjellheim bhg	0	6	30	11	10	8	65
Årskog bhg	0	4	2	4	4	4	18
Dåfjorden bhg	0	2	6	7	2	3	20
Totalt plassar i kommunen	0	28	82	36	43	41	230

Tabellen syner tal plasser i inneverande barnehageår.


Barnehagefakta.no presenterer nøkkeltal som:

- Barn per tilsett
- tal for pedagognorm
- Tilsette si utdanning
- Resultat frå UDIR si foreldreundersøking, men då per barnehage

Tala her er presentert som tal for kommunen og ikkje per barnehage.

Pedagognorm


Pedagognorma for barnehagane er ein pedagogisk leiar per 7 barn under 3 år og ein pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år. Figuren under viser at 2 av 5 barnehagar i Fitjar kommune har dispensasjon frå utdanningskravet for barnehagelærar. Det er innført strenge krav for å få ein slik dispensasjon. Som oftast er det snakk om ein kortare periode av eit barnehageår. I vikariat mindre enn eitt år er det vanskeleg å rekruttera personale med barnehagelærarutdanning. Dette er tal henta frå Basil 15.12.2019.



Merk at det er ingen barnehagar i Fitjar kommune som ikkje fyller opp pedagognorma, mot nasjonalt snitt som er på 8,8%.

Personalet si utdanning

Tilsette si utdanning i barnehagane i Fitjar er god. Barnehagane har likt tal barnehagelærarar som nasjonalt snitt, sjølv om me har personale med dispensasjon frå pedagognorma. Tal fagarbeidarar er høgt samanlikna med nasjonalt snitt. Det har vore stor satsing i regionen på å utdanne barne- og ungdomsarbeidarar, og for Fitjar sin del har me no ein høg del av fagarbeidarar.



Bemanningstettleik

Personalet og deira kompetanse er den viktigaste einskildfaktoren for at barn skal trivast og utvikla seg i barnehagen. Regjeringa vil sikre alle barn ein god barndom og gje like moglegheitar gjennom eit godt barnehage tilbud. Eit kompetent personale med oppdatert kunnskap om barn og barndom i eit samfunn og i ein barnehagesektor i stadig endring er ein føresetnad for å nå dette målet.

(Meld.St.19 Tid for lek og læring)

Bemanningsnorma i barnehagane blei endra hausten 2018. Bemanningsnorma seier at det skal vere maks 3 barn under 3 år per vaksen, og maks 6 barn over tre år per vaksen.



Barnehagen sine rammer

Arealkrav

Det finst ei norm for kor mykje plass ein skal ha per barn i barnehagane.

Rettleiande norm er 5,3 m² per barn under 3 år og 4 m² per barn over 3 år.

Landsnittet viser 5,6 m² per barn, medan ein i Fitjar har 5,9 m². Tala her varierer frå barnehage til barnehage.



Alle barnehagane i Fitjar tilfredstiller arealnorma.

Universell utforming

Rettleiar for [Miljørettet helsevern i barnehage og skule](#) stiller krav om universell utforming:

«Universell utforming innebærer at tilgjengeligheten for personer med nedsatt funksjonsevne i størst mulig grad løses gjennom tiltak integrert i produktutforming, arkitektur, planlegging og tjenesteyting. En funksjonshemming kan være synshemming, hørselshemming, fysisk eller psykisk utviklingshemming eller en skjult funksjonshemming som astma/allergi, diabetes osv. Utforming og innredning både på ute- og inneområder skal ivareta barnas behov for sikkerhet samtidig som det skal legges til rette for kreativ utfoldelse, trivsel og gode psykososiale forhold.»

Nye barnehagar og barnehagar som blir renovert skal vere universelt utforma. I Fitjar er 1 av 5 barnehagar universelt utforma. Dei andre barnehagen er i eldre bygg som ikkje er renovert dei siste 10 åra.

Opningstid

Når det gjeld opningstid, så ligg ein på 9,5 timar per dag i gjennomsnitt på landsbasis. I Fitjar har barnehagane ei snitt opningstid på 9,9 timar per dag. Her ligg ein over snittet i opningstid. Dette gjev brukarane meir fleksibilitet, men kan også gjera at einskilde barn får lange dagar i barnehagen. Fitjar har ein del foreldre som arbeider i nabokommunane, og dette gjer at slik fleksibilitet er viktig for familiane i Fitjar. Det er viktig at barnehagane rettleiar foreldra kring dette.

Kostpengar

Det er høve for barnehagane å ta kostpengar i tillegg til makspris på barnehageplassen, dersom det vert servert mat i barnehagen. I landet har ein eit snitt på 301 kr per måned i kostpengar. I Fitjar har ein eit snitt på 262 kr per måned.

Foreldrebetaling

Regjeringa har satsa stort på at alle barn skal kunne vere i barnehagen. Dei siste åra har ein gjort tiltak med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid for barn i barnehagane. Dette gjeld for foreldre med redusert betalingsevne. I Fitjar kommune har alle barnehagane makspris på barnehageplass som no er per 01.01.2020 kr. 3.135,- per måned.

Søskenermoderasjon

Foreldra har rett til min 30% reduksjon i foreldrebetaling for barn nr 2 og 50% for barn nr 3.

Redusert foreldrebetaling

Kommunane er pålagt å ha ei ordning der familiar med nedsett betalingsevne har høve til å søkje redusert betaling for barnehageplass. Ingen familiar skal betale meir enn 6% av hushaldet si samla totalinntekt.

Gratis kjernetid

Alle 2 -, 3 -, 4 - og 5 – åringar som bur i hushald med låg inntekt har rett på 20 timars gratis opphaldstid i barnehagen per uke. Per 1.august 2019 er grensa 548 500,-.

I Fitjar kommune har om lag 13 % av barna vedtak om redusert foreldrebetaling eller gratis kjernetid.

Kvalitet i barnehagen

Pedagogisk tilbod i barnehagane i Fitjar

Barnehagelova og tilhøyrande forskrift om rammeplan for tilsette i barnehagane er styrande dokument for korleis det pedagogiske tilbodet i barnehagane skal vera. Dei beskriv formålet med barnehagen (samfunnsmandatet) og innhaldet i den pedagogiske verksemda. Barnehagane utarbeider årleg ein årsplan for korleis dei utfører oppdraget i sin barnehage.


Fitjar kommune er barnehageeigar for ein kommunal barnehage og barnehagemyndede for dei 4 private barnehagane. Barnehagemyndede kan ikkje «styra» innhaldet i barnehagen ut over det som er nedfelt i lov og forskrift. Kommunen har likevel eit ansvar for å føra tilsyn med at barnehagane utfører oppdraget i tråd med lovverk. I tillegg til dette har ein rettleiingsplikt ovanfor barnehagane. Fitjar har fleire tiltak for å sikra at barnehagane vert drive etter lovverket:

- Plan for tilsyn i Fitjar: Gjennom denne planen får ein barnehage årleg tilsyn av eit tilsynspar i regionen. I tillegg vitjar barnehagefagleg rådgjevar barnehagane minst ein gong årleg.
- Tilsyn på miljøretta helsevern
- Styrarmøte ein gong per måned med rettleiing, utviklingsarbeid og drøfting av kompetanseheving, vidare felles satsingar mm.
- Årleg innsending av årsplan til rådgjevar, for gjennomgang.
- Årleg rapportering i BASIL, samt innsending av rekneskap i BASIL
- Rapportering på tal barn jf. utbetaling av tilskot. Her får ein også oversyn over gruppestorleik i barnehagane. Ein har også fleire barnehagar med i kommunen sine satsingar siste året.

På utdanningsdirektoratet sine heimesider har ein utvikla ein del verktøy som barnehagane kan nytte i sitt arbeid med kvalitetsutvikling i barnehagen.

Foreldreundersøking

UDIR har ei åreleg foreldreundersøking for barnehagane. Resultata blir lansert på udir.no og på barnehagefakta.no. Fire av fem barnehagar i Fitjar er med på denne undersøkinga. 63,5% av dei føresette har svara på undersøkinga. Av den grunn vil den gje oss god informasjon om korleis føresette oppleve barnehagane i kommunen vår.



Ut frå resultata kan ein seie at føresette i Fitjar opplever barna sin kvardag i barnehagen som positiv. Fitjar scorar over snittet i stort sett alle kategoriar samanlikna med nasjonalt snitt.



Satsingsområde

Kompetanse

Regional kompetanseordning barnehage

Regjeringa har i 2018 oppretta ordninga regionale kompetanseordning for barnehage (ReKomp). Ordninga skal bidra til at barnehagane utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling.


For barnehageåret 2019/2020 er den kommunale barnehagen med på temaet kommunikasjon, språk og digital praksis. Fitjarstølane barnehage samarbeidar med NLA høgskulen, og har ein kompetanseutviklingsplan for barnehageåret som skal vidareutvikle den digitale praksisen i barnehagen med fokus på kommunikasjon og språk.

For barnehageåret 2020/2021 kan ein på nytt søkje om midlar til eit barnehagebasert kompetanseutviklingsområde. Den enkelte barnehagen definerer sitt behov.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø

Fitjar kommune har sidan hausten 2018 vore med i den nasjonale samlingsbaserte satsinga for Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBSM). Alle skulane har vore med og 2 av barnehagane, Fitjarstølane barnehage og Fitjar Soknerådsbarnehage Bakken.

Fokusområde har vore:



Autoritativ vaksenrolle	Handtering av ulike barn
Relasjonar	Dei utagerande
Grensesetjing	Dei stille
Leik	Førebyggjande arbeid
Definisjon av vaksenrolla	

Det samlingsbaserte tilbodet blei avslutta hausten 2019.

Kommunikasjon og språk

Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen. Dei skal få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.

Personalet i barnehagen skal:

- Følge med på barnas kommunikasjon og språk og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvansker, barn som er lite språklig aktive, eller som har sein språkutvikling.

Rammeplan for barnehage

Barnehagane jobbar godt med satsing på kommunikasjon og språk. I kommunen vår har med følgjande tilbod som barnehagane nyttar:

- Samarbeid med Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT) med tilbod om:
 - o Månadlege møte kor ein drøftar ulike utfordringar på systemnivå
 - o Deltaking i kostnadsfrie nettverk med ulike fokusområde, døme kommunikasjon og språk
- Samarbeid med biblioteket der ein har følgjande tilbod:
 - o Vitjing på biblioteket med barna
 - o Utlån av bokassar med temabøker eller annan relevant litteratur for ulike aldersgrupper
 - o Leseaksjon «Leseorken»

Slike tilbod skal styrke barnehagane i sitt arbeid med kommunikasjon og språk slik at alle barn får oppleve leseglede og god språkstimulering før skulestart.

I tillegg har ein gjennom eit årshjul eit godt samarbeid med skulane når barna skal overførast til grunnskulen.



Foto: Årskog barnehage

Førebyggjande arbeid

Gjennom den daglige og nære kontakten med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og motta informasjon om barnas omsorgs- og livssituasjon. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep. Tilsette i barnehagane skal vite korleis dette kan forebyggjes og oppdages.

Personalet i barnehagen skal:

- Forebygge, stoppe og følge opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkelser og uheldige samspelsmønstre.

På individnivå skal barnehagen legge til rette for at foreldre og barnehagen jevnlig kan utveksle observasjoner og vurderinger knytt til enkeltbarnets helse, trivsel, erfaringer, utvikling og læring.

Rammeplan for barnehage

Fitjar kommune har dei siste åra utvikla og implementert elektronisk modell for tverrfagleg innsats for systematisk innsats for identifisering av barn og unge som treng hjelp og støtte (BTI).

Den elektroniske modellen syner korleis tilsette i Fitjar kommune skal arbeide med barn og unge ein har ei uro for, og der finn ein malar og støttemateriell for dette arbeidet. Kommunen har også ein elektronisk stafettlogg for føring og evaluering av tiltak iverksett kring barnet. Arbeidet er framleis i innføringsfasen, men barnehagane har kome godt i gang med det systematiske førebyggjande arbeidet.

Kommunen har også utarbeidd elektronisk varslings for innbyggjarane i Fitjar der ein kan melde ei uro for barn og unge, enten direkte til barnehagen eller til sektor for oppvekst i kommunen.



Fitjar kommune har 4 private barnehagar, og den elektroniske modellen sikrar at alle barnehagane har tilgang på dei same verktøya og rettleiing for korleis ein jobbar med BTI.

Fitjar kommune har ein plan for overgang mellom barnehage og skule, ei rutine som både kommunal- og private barnehagar og skulane føl. Der er eit årshjul for korleis dette samarbeidet skal vere og når ein skal ha felles møtepunkt og overføring av informasjon relevant for skule.

Barnehagane i Fitjar kommune

I Fitjar er det 5 barnehagar, 1 kommunal barnehage Fitjarstølane barnehage, og 4 private barnehagar, Dåfjorden barnehage AS, Fitjar Sokneråds barnehage, Fjellheim FUS Friluftsbarnhage AS og Årskog barnehage. Dette mangfaldet av tilbod set innbyggjarane pris på. Det er viktig at dette mangfaldet så langt som mogeleg vert vidareført. Slik presenterer barnehagane seg med sine egne ord:

Fitjarstølane barnehage

Fitjarstølane barnehage er ein kommunal barnehage eigd av Fitjar kommune. Fitjarstølane barnehage ligg sentralt plassert nær Fitjar sentrum i bustadfeltet Fitjarstølane. Barnehagen vår ligg tett på natur og fjell, men likevel innan gang avstand til bibliotek, idrettspark og Fitjar sentrum.

Om barnehagen

Barnehagen er ein avdelingsbarnehage med to avdelingar: Bikuben har plass til 12 barn frå 0-3 år og Gaukareiret har plass til 24 barn mellom 3-6 år. Grunnbemanninga i Fitjarstølane barnehage består av 8 årsverk knytt til avdeling samt styrar i 80 % stilling. Barnehagen har ein pedagogdekning på 50 % då me har 4 barnehagelærar. Me har 12 store barn pr pedagog og 6 små barn pr pedagog. Me har 6.0 barn pr tilsett. Barnehageåret 2019-2020 har me i tillegg ein lærling hos oss som kjem på toppen av grunnbemanninga.

Barnehagen serverer barna tre måltid for dagen; frukost, lunsj og fruktmåltid om ettermiddagen. Me har havregraut til frukost ein dag i veka samt ei matgruppe som lagar varmlunsj ein dag annakvar veke.

Satsingsområde

- **Pedagogisk plattform:** Vår pedagogiske plattform er fokus på utvikling av barna sin basiskompetanse. Basiskompetanse er uttrykk for det barna har tileigna seg av grunnleggjande kompetanse for livet sitt. Sentralt i småbarnsalderen står utviklinga av kommunikasjonsevne i vid tyding og av sosial kompetanse, det vil seie evna til å kunne gå inn i leik og samspel med andre barn på ein positiv måte.
- **Sosial kompetanse:** I barnehagen vår jobbar vi systematisk med eit pedagogisk program kalla «Være saman». Her nyttar vi ulikt pedagogisk materiell som tar sikte på å gjera barna trygge på seg sjølv slik at dei kan samhandla med andre barn og vaksne på ein god måte. Me jobbar og med å utvikle vaksenrolla, med mål om at den skal vera prega av varme og respekt for barn både gjennom relasjonsbygging og grensesetting.
- **Språk og kommunikasjon:** Me vil skape eit språkstimulerande miljø for alle barn, der me legg til rette for lesing, lytting og leik med ord og lydar. Me samarbeida tett med biblioteket og nyttar deira kompetanse om barnelitteratur og ulike tilbod som eventyrsamlingar og lån av tilpassa bokassar.
- **Digital praksis i barnehagen:** Fitjarstølane barnehage er frå hausten 2019 i gang med eit kompetansehevingsarbeid med fokus på digital praksis i barnehagen. Utviklingsarbeidet skjer i samarbeid med høgskulen NLA og tar sikte på å inkludere digitale verktøy som ein naturleg og supplerande del av språkarbeidet i barnehagen.
- **Stimulerande leikemiljø:** Fitjarstølane ynskjer å skape gode og stimulerande leikemiljø for alle barn i barnehagen. Våren 2020 startar me med eit prosjekt kor ein ser på stimulerande



Foto: Fitjarstølane barnehage

leikemiljø og gjenvinning, og korleis ein kan nytte dette saman for å skape kreative leikemiljø kor barna sin fantasi stimulerast.

Kontaktinformasjon:

Epost: fibh@fitjar.kommune.no

Tlf: 94 80 10 86/ 53 45 86 35

Facebook: [Fitjarstølane barnehage](#)



Foto: Fitjarstølane barnehage

Dåfjorden barnehage

Dåfjorden Barnehage AS blei starta opp hausten 2013. Den blir driven i bedehuset i Dåfjorden.

Om barnehagen

Barnehagen ligg i nærleiken av Fiskanaset bustadfelt. Det er ikkje gong- og sykkelveg til barnehagen, og barna er avhengig av å bli køyrd til og frå barnehagen. Det er kort avstand til flotte turområde for barnehagen, og ein er mykje ute variert natur, alt frå strandområde til fjell og berg.

- 16 barn, tilsvarer 20 eininger
- 6 tilsette inkl. daglig leier
- Dette utgjer 3,6 årsverk. 2 x 100% pedagogstillinger, og til saman 1,6 BUA/Assistent.
- Dåfjorden barnehage har i tillegg en lærling i barne- og ungdomsarbeiderfaget frå hausten 2019.

Kompetanse i personalet:

- tre pedagoger med barnehage-/førskulelærerutdanning
- ein av personalet er barne- og ungdomsarbeider
- ein assistent har eksamen, men mangler litt praksis i barne- og ungdomsarbeiderfaget

Satsingsområde

I Dåfjorden barnehage har me fokus på sunn mat. Barna får alle måltida i barnehagen og eitt varmt måltid kvar dag. Me har fokus på sunn, variert mat og matglede. Om våren dyrker me ulike råvarer oppe i eit drivhus. Barna er med på heile prosessen.

Me er mykje på tomten til eigarane av barnehagen som ligg svært nært barnehagen. Her har me stort uteområde der barna kan vere kroppslige i trygge omgivelsar. Her har me også fått opp ein lavvo der me har mogelegheit for å lage mat. På eiendommen er det også forskjellige dyr som barna er veldig glad i, både høner, kaniner, kattar og hund. Me er mykje ute i nærmiljøet, her finner me sjø, fjell, skog, fine turområder, klatrejungel og gapahuk. Me har også gått til innkjøp av ein ni seter buss, slik at me lettare kan kome oss rundt til andre plasser også.

Barnehagen har også satsing på språk og har starta arbeid med UDIR si satsing på språkløyper. Måla for arbeidet er:

Mål 1: Utvikle personalets sin kunnskap om språkutvikling

Mål 2: At alle barn skal får god språkutvikling frå deira ståstad

Kontakt og informasjon

Adresse: Dåfjorden, 5410 Sagvåg

Telefon: 95081207

E-post: dafjordenbarnehage@gmail.com

Facebook: [Dåfjorden Barnehage](#)



Foto: Dåfjorden barnehage



Foto: Dåfjorden barnehage

Fitjar Sokneråds barnehage

Privat barnehage, eigar: Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage

Om barnehagen

Barnehagen ligg i bustadfeltet Bakken, med hovudinngang frå parkeringsplassen ved Fitjar idrettspark. Barnehagen ligg i bustadfeltet Bakken, nært opp til Rossneset trivselspark. I Rossneset har me lavvo og her er fint turområde som blir mykje nytta. Me har nettopp kjøpt oss lette hengekøyer som barna kan kvila i på tur. Uteleikeplassen blei oppgradert sommaren 2019 med nytt klatrestativ og gummibarkdekke på ein del av området. Her har me også grillhytte og gapahuk, reiler mm.



Barnehagen har tre avdelingar, småbarnsavdelinga Sommarfuglen med 12 plassar for barn i alderen 0-2 år, Marihøna med 24 plassar for barn i alderen 2-4 år og Blåkklokka med 24 plassar for barn i alderen 4-6 år. Me har tilbod om graderte plassar : 60% (tre dagar i veka) og 100% plass. Barnehageåret 2019/20 går 61 barn i barnehagen vår.

Barnehagen har 18 tilsette fordelt på 14,2 årsverk + 2 tilsette (1,58 årsverk) for barn med ekstra tilrettelegging. Av dei tilsette er 8 barnehagelærarar, 6 barne- og ungdomsarbeidar og 4 assistentar. Barnehagen har 12,8 store barn pr pedagog og 5,8 barn pr. vaksen.

Satsingsområde

- **Formål:** Barnehagen har utvida kristen formålsparagraf og er tilknytt Fitjar kyrkje. I ein barnehage med utvida kristen formål vil fagområdet «Etikk, religion og filosofi» ha større plass enn i dei fleste andre barnehagar. Det vil seia at me legg stor vekt på dei kristne høgtidene og at enkle bibelske forteljingar og kristne barnesongar/bordvers har sin naturlege plass i barnehagekvardagen. Me har jamleg besøk av prest og kyrkjelydspedagog og samarbeider om påske og pinsevandring i kyrkja.
- **Vennskapsbarnehage:** Me starta opp vennskapsbarnehageprosjektet i 2009 og har sidan den gong vore vennskapsbarnehage med Stefanusborna i Kairo. Samarbeidet blir administrert av Stefanusalliansen. På Vennskapsfesten i november har me julespel og utlodding der inntekta går til vennskapsbarnehagen vår.
- **Kommunikasjon og språk:** «Språksprell» er eit metodisk opplegg for språkstimulering. Opplegget legg vekt på ordrytme, rim og regler, rimord osb. «Språkkista» inneheld plansjar, spel, bøker og anna språkmateriell. Me har eit nært samarbeid med biblioteket.
- **Sosial kompetanse:** Me tek del i kompetansehevingsprogrammet «Være Sammen» som består av faglitteratur for tilsette/foreldre og barnebøker og anna materiell om vennskap/sosial kompetanse.
- **Førskulegruppe:** Me fylgjer «Plan for førskulegruppa i Bakken barnehage». Denne planen legg vekt på skuleførebuande tema og aktivitetar, og er laga etter samarbeidsmøte med skulen.



Foto: Fitjar Sokneråds barnehage

Dessutan har Fitjar kommune utarbeidd «Frå eldst til yngst»- plan for overgang barnehage-skule i Fitjar kommune.

- **Kosthald/ernæring:** Barna får servert tre måltid i løpet av dagen: frukost, lunsj og etter middagsmat/frukt. Varm lunsj ei gong i veka.

Velkommen til å ta kontakt!

Telefon: 40 40 41 46 (styrar)

E-post: bakken.barnehage@haugnett.no

Heimeside: bakken.barnehage.no

Open facebookside: Bakken barnehage



Foto: Fitjar Sokneråds barnehage

Fjellheim FUS Friluftsbarnhage AS

Fjellheim FUS friluftsbarnhage ligg på Årbø, i skulekrinsen til Øvrebygda skule.



Fjellheim

Barnehagen har vore i drift sidan 1995, men vart ein del av FUS-kjeda hausten 2014. FUS as er eit driftsselskap for barnehagar som er eigde av Trygge Barnehager AS.

Om barnehagen

Nøkkeltal hausten 2019

47 barn, tilsvarende 65 einingar. Fordelt på tre avdelingar.

13 tilsette inkl. dagleg leiar.

Dette utgjer 12 årsverk. 5 x 100% pedagogstillingar, og til saman 600 % BUA/assistent. DL har 100% stilling.

Vi har ikkje menn i personalgruppa.

Kompetanse Pr 01.08.2019 har Fjellheim FUS friluftsbarnhage denne barnehagefaglege kompetansen i personalet:

fem pedagogar med barnehage-/førskulelærerutdanning.

ein av pedagogane har vidareutdanning i rettleiing.

fire av personalet er barne- og ungdomsarbeidarar.

ein av barne- og ungdomsarbeidarane tek til på barnehagelærerutdanning på deltid (arbeidsplassbasert utdanning) i september -19.

ein assistent har eksamen, men manglar litt praksis, i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

dagleg leiar har styrarutdanning.

Satsingsområde

Friluftsliv, kosthald og språk.

Fjellheim FUS friluftsbarnhage har ein tydeleg friluftprofil. Barna er ute mesteparten av dagen, alle dagar. Vi nyttar dagleg omgjevnadene i området. I naturen får barna utfordre seg, nå nye mål og oppleve meistringkjensle.

Vi tenkjer at det aller meste som kan gjerast inne, kan gjerast ute. Også matlaging. Vi et dei fleste måltid ute, og lagar også ofte mat ute og på tur. Fjellheim FUS friluftsbarnhage arbeider etter mat- og måltidskonseptet **FUS SmartMat**.

Barna har med ein matpakke heimanfrå og får eitt måltid + frukt/grønt i barnehagen kvar dag.

Vi jobbar jamt med alle fagområde, men har spesielt fokus på **kommunikasjon og språk**, då vi veit at dette er grunnleggande og vesentleg ferdigheiter for deltaking i lek og utvikling av sosial kompetanse.

Pedagogisk satsingsområde

«Egenledelse i lek og læring» har vore FUS si viktigaste pedagogiske satsing, men kjeda byggjer stadig ut den pedagogiske plattformen, ved å knyte seg til ny og oppdatert forskning.

Likt med Kunnskapsdepartementet sin «Kompetanse for fremtidens barnehage», har også FUS barnehagane sin kompetansestrategi. FUS lagar modular/læringsøktar (foredrag på nett) om aktuelle tema, som barnehagane arbeider med lokalt i eigen barnehage og på tvers av kompetansenivå. I 2020 og framover skal vi arbeide med FUS si nye satsing på kompetanseutviklinga som byggjer på det forskingsbaserte programmet Tuning in to Kids (TIK), som har som mål å styrke barnas emosjonelle og sosiale kompetanse. Vi skal nytte observasjonsmetoden CLASS, som er eit observasjonsverktøy der personalet observerer kvarandre for å sikre auka kvalitet i forhold til mellom anna emosjonell støtte og læringsmiljøet i barnehagen.

Leiing

FUS har tydelege forventningar til leiing i barnehagane, både til dagleg leiar og til pedagogisk leiarar og barnehagelærar. Dagleg leiar deltek i leiarutviklingskurs og leiarsamlingar i FUS, og er med i Nettverk Stord, som består av dagleg leiar i alle FUS-barnehagane på Stord og Austevoll og Fitjar. Nettverket møtast om lag ein gong i månaden, og leiarutvikling, refleksjon og rettleiing sentrale tema.

Lærande møte

Vi arbeider med at prinsipp for lærande møte skal følgast gjennomgåande i alle møte i barnehagen. Vi vil bruke minst mogleg tid på forvaltningssaker, og ha mest mogleg fokus på utviklingssaker i møte på alle nivå.

Progresjon for kvar enkelt og lik praksis i heile barnehagen

Vi arbeider felles i personalgruppa med å utarbeide progresjonsplanar for ulike område innan friluftsliv, i tillegg til tema arbeid, arrangement, høgtidsmarkeringar m.m.

Progresjonsplanane blir i utgangspunktet generelle for kvar aldersgruppe, medan ein også har bevisstheit rundt kvart enkelt barn sitt nivå og interesse. Målsettinga er at barna skal oppleve at pedagogisk praksis skal vere gjenkjenneleg på tvers av dei ulike gruppene og uavhengig av tilsette.

Kontakt og informasjon

Adresse: Fitjarvegen 1255 Telefon 91 69 26 98 (dagleg leiar)

E-post: dl.fjellheim@bhg.no Heimeside: fus.no/fjellheim

Facebook: [Fjellheim FUS friluftsbarnhage as](https://www.facebook.com/Fjellheim-FUS-friluftsbarnhage-as)



Foto: Fjellheim FUS friluftsbarnhage

Årskog barnehage

I 1986 starta Årskog barnehage, i eit brunmala hus mellom Fitjar og Sandvikvåg. Barnehagen vart skipa av foreldre og har vore drevet av foreldre sidan. Foreldra sit i barnehagen sitt styre og har dermed moglegheit for påverke barnehagens daglege drift. Barnehagen er medlem av Private Barnehagers Landsforbund (PBL).



ÅRSKOG BARNEHAGE

5419 FITJAR

Om barnehagen

Nøkkeltal hausten 2019

15 barn er det i barnehagen, tilsvarende 18 einingar.

5 tilsette inkludert styrar.

Til saman er det 3,35 årsverk. Styrarstillinga utgjer 35% som styrar og 65 % som pedagog. I tillegg til styrar si pedagogstilling er det 135% pedagogstilling, og 100% fagarbeidarstilling. Det er ingen menn hjå oss.

Kompetanse

I Årskog barnehage har me 3 pedagogar med høgskuleutdanning innan pedagogikk, 2 av desse har vidareutdanning. Resten av dei tilsette har fagbrev. Mesteparten av dei tilsette hjå oss har over 15 års erfaring i nettopp denne barnehagen.

Satsingsområde

Relasjon, leik og ulike uttryksmåtar

I Årskog barnehage legg me stor vekt på relasjonsdanning, både mellom barn og vaksne og barn og barn. Me har som mål at alle barna skal ha ei kjensle av å vera verdifulle i seg sjølve, og å vera ein verdifull del av fellesskapet. Barna i barnehagen er kvarandre sine støttande stillas, på kryss og tvers av alder. Barna lærer av kvarandre, og me vaksne lærer saman med dei. Verda skal utforskast i fellesskapet vårt. Dei vaksne skal møta kvart barn med god tid til leik og samtalar, og gje dei ei kjensle av å verta anerkjend og teken på alvor.

Leiken er barna si eiga verd. Den er deira naturlege måte å læra på, og deira naturlege måte å vera på. Gjennom leiken får barna moglegheit til å bearbeida inntrykk og kjensler. Barna vert kjent med seg sjølve og andre, eigne og andre sine grenser. Leik er ein måte å utvikle sosial kompetanse på. Me leikar både inne og ute i barnehagen. Uteområdet til barnehagen er med fjellknauser og klatretrær lagt til rette for barnas motoriske utvikling og boltreleik.

Innbakt i ulike uttryksmåtar ligg både leik, verbalt og kroppsleg språk, musikk, estetiske uttrykk og mykje meir. Gjennom kommunikasjon kan barna danne relasjonar. Malaguzzi skriv at barna eig 100 språk. Me ynskjer at barna får ivareta og utvikla flest mogleg av desse språka.

Me trur barna lærer språk av å høyre det, men mest av å bruke det. Derfor vektlegg me i stor grad kvardagssamtalen med barna, og prøver å utnytta dei fleste situasjonar i barnehagen, som ein moglegheit til språkstimulering. Dei vaksne i barnehagen nyttar mykje munnleg forteljing i arbeid med språk og legg gjerne på dramatiske verkemiddel.

Dei vaksne driv kompetanseutvikling gjennom refleksjon og drøfting. Me arbeidar etter Lotus programmet, som tek føre seg dei ulike fagområda i rammeplanen. Me noterer kvar månad korleis me har sett fagområda i kvardagen vår og planlegg aktivitetane våre ut frå det. Dette kan bidra til å gjere oss medvitne på korleis me nyttar rammeplanen.

På personalmøta tar me opp ting me tenkjer at me har nytte av å arbeida med. Me drøftar dette med grunnlag i både fagleg teori og erfaring. Me forsøker å setje ord på taus kunnskap.

Me har 5 planleggingsdagar i året, som me nyttar til anten praktisk arbeid eller fagleg påfyll. Ein av desse dagane er som regel knytt til eit FOS kurs. I kvardagen synleggjer me teori med lappar på veggane som skal minna oss om viktige poeng frå kurs og liknande.

Alle de tilsette har erfaring innan kompetanseutviklingsprogrammet vere saman.

Framover kan me tenkje oss å ha meir fokus på eit kompetansehevingsprogram som heiter språkløyper frå UIS og tryggleikssirkelen (COS).

Kontakt og informasjon

Adresse: PB 69 5418 Fitjar

Telefon: 53497241

E-post: arskogba@gmail.com

Facebook: [Årskog barnehage Sa](#)



Foto: Årskog barnehage

Notid og framtid

I Noreg har det vore ei rivande utvikling når ein ser på bruk av barnehageplassar. Frå ei dekningsgrad på 1,9 % i 1963 på alle barn under 6 år til dagens situasjon der om lag 90 % av alle barn under 6 år har ein barnehageplass. Dekningsgraden på eittåringane som no har fått rett til barnehageplass har vore i særleg stor auke frå 2008 og fram til i dag. Dette kan sjåast i samanheng med den nasjonale satsinga på full barnehagedekning, lovfesta rett til barnehageplass, gratis kjernetid for 2 – 5 åringane i familiar med låg inntekt, reduksjon i foreldrebetaling for familiar med låg inntekt og makspris på foreldrebetaling som er lågare en før.

Det er blitt fleire barn som går i barnehagane, og det er stadig fleire av dei yngste barna. I tillegg er barnehagane blitt større. Dette gjeld både ved at barnehagar bygde etter 2003 er de største og ved at barnehagar frå før 2004 er blitt større (utvida) enn dei var tidlegare.

Frå utgang av 2005 og fram til utgang av 2010 har nær 54 000 fleire barn fått plass i barnehagane. I same periode vart det etablert om lag 67 000 nye heiltids barnehageplassar. Noko av kapasitetsauken i perioden har såleis gått med til å auka opphaldstida til barn som allereie har plass i barnehagane

Fitjar kommune

I Fitjar kommune ser ein same tendensen som på landsbasis. Bruken av barnehagane har auka over tid. Også i Fitjar har dei yngste barna nytta barnehagane i aukande grad. Eit barn under tre år utløyser to barnehageplassar. Dette har også konsekvens for framtidig behov. Fleire foreldre i Fitjar nyttar no fulltidsplassar, og 4 av 5 barnehagar tilbyr berre full plass.

I Fitjar gjekk ca. 91% av alle barn 1-5 år i barnehagane i 2019 i følge Kostra tal. Per 15.12.2019 har dei fleste barnehagane full dekning. Me ser ut frå prognosane for fødselstal dei neste åra at det kan bli færre barn ein periode, før fødselstala igjen peikar oppover.

Tal frå NAV syner at 40% av kommunens 1 åringar per 01.12.2019 ikkje går i barnehage, men er heime med kontantstøtte. Kontantstøtteordninga er for alle barn mellom 1 og 2 år og utgjer per 01.01.2020 kr. 7.500,- per måned. Kommunen har full dekning i barnehagane i 2020. Me ser at det truleg vil forsetje slik inn i perioden 2020 - 2024. Fram til i dag har kommunen greidd å gje alle barn som har rett til barnehageplass eit tilbod.

Nokre barn som er busett i Fitjar, har gått i barnehage på Stord. Desse er hovudsakleg frå ytterkantane av kommunen og gjerne der foreldra pendlar til Stord. Det er eit ynskje at ein unngår å ha barn frå Fitjar i barnehagar i Stord og kommunen må prøva å unngå dette ved å kunna tilby tilstrekkeleg plasser.



Foto: Fitjar Sokneråds barnehage

Dagens situasjon

Fitjar kommune har i inneverende Barnehageplan 2017 – 2020 hatt full barnehagedekning. Tal barn som går i barnehagane er ca. 91 % i Fitjar kommune per 01.01.2020. Dette er om lag likt med landssnittet. Største delen av barna, ca. 80 %, går i private barnehagar.




Foto: Årskog barnehage

Kvar skal me i framtida?

Historikken til barnehageopptaket i kommunen tilseier at det er størst etterspørsel etter barnehageplass i sentrumsnære strøk. Av folketalsutviklinga ser ein at det er i sentrumsnære strøk at det har vore størst endring.

Demografi



Grunnkrets		Folketal		
Nr.	Navn	2014	2019	Endring 2014 - 2019
12220102	Haslevik	3	3	0
12220103	Engesund	19	14	-5
12220104	Osternes	171	136	-35
12220105	Høgeberg	137	130	-7
12220106	Fitjar 1	112	119	7
12220107	Fitjar 2	187	175	-12
12220108	Fitjar 3	144	162	18
12220109	Fitjar 4	437	558	121
12220110	Fitjar 5	231	315	84
12220111	Fitjar 6	629	621	-8
12220112	Fitjar 7	137	152	15
12220113	Tislevoll 1	128	113	-15
12220114	Tislevoll 2	458	450	-8
12220115	Sælevik	212	253	41

Fitjar kommune

Kjelder: HFK (kart) og SSB (datagrunnlag)

Områda Fitjar 4, Fitjar 5 og Selevik har dei siste 5 åra hatt størst vekst.

Kvar husbygginga dei komande 10 åra vil bli, vil vera avhengig av prioriteringa i den nye samfunnsdelen av kommuneplanen og revisjonen av arealdelen som vil bli revidert etterpå. I tillegg styrer marknaden.

Slik det ser ut no med utgangspunkt i tilgjengelege bustadtomtar vil dei fleste nye bustadane koma i sentrumsnære strøk, kanskje også i Selevikkrinsen. Ein vil også kunna pårekna eit visst generasjonsskifte i dei andre områda og kanskje enkelte nybygg, men dette vil truleg ikkje gjera dei store utslaga sett ut frå den barnetalsutviklinga me har sett i krinsane dei siste 5 åra. Talet på barn i krinsane utanom sentrum vil truleg gå ned, unntaket kan vera Selevikkrinsen.


Barnehagane er i dag lokalisert slik:

- Årskog Barnehage – Rimbareidkrinsen
- Fitjar soknerådsbarnehage – Rimbareidkrinsen
- Fitjarstølane barnehage – Rimbareidkrinsen
- Fjellheim FUS Friluftsbarnhage - Øvrebygdakrinsen
- Dåfjorden barnehage – Selevikkrinsen

Denne fordelinga er viktig også i eit framtidsretta perspektiv fordi den gir moglegheiter i høve til val av barnehage innanfor korte avstandar.

Framskrivingstala til 2030

Demografi



Fitjar kommune

HFK sitt hovudalternativ 2019 ligg til grunn for framskrivingane.
Planlagd publisert i august 2019.

Kjelde: HFK, Panda

Barnehageutvikling

Målet for barnehage sektoren i kommunen er at det skal være nok barnehageplassar i høve til etterspørsel.

Framskrivingstala viser ein liten nedgang i talet på barn fram til 2024 for deretter å auka litt. Desse tala kan vera vanskeleg å forhalda seg til grunna lokale svingingar. I dag er det 175 barn som går i barnehage i Fitjar. Framskrivningstala dei første 4- 5 åra viser ein svak nedgang i barnetalet, men talet på barn vil truleg auka igjen frå 2024 og vidare utover i planperioden. Med dette perspektivet som utgangspunkt vil det vera behov for plass til om lag 10 fleire barn i planperioden. Ved å gje rom for ei slik kapasitetsutviding vil dei minste barnehagane (Årskog og Dåfjorden) kunna få utfordringar med rekruttering av barn. Dei er heilt avhengige av å få fylt opp plassane for å vera i økonomisk balanse. Dei 3 største barnehagane vil kunna tilpassa seg eit lågare barnetal på ein heilt annan måte. Dåfjorden barnehage rekrutterer stor sett frå nærmiljøet i Dåfjorden og er mindre sårbar enn Årskog. Årskog barnehage kjem i ein litt meir utsett posisjon sidan dei konkurrerer med dei to andre sentrumsnære barnehagane.

Dagens barnehagestruktur – planar for framtida

I planprosessen for barnehageplanen har kommunen sendt ut spørsmål til barnehage eigarane om kva tankar dei har om framtidig drift? Ynskjer ein å utvida drifta eller halda fram slik godkjenninga no ligg føre? Ein har også spurt om ein ynskjer same lokalisering for barnehagen eller er det aktuelt å vurdera ny lokalitet ut frå endring i bustadmønsteret?

Kommunen har fått følgjande tilbakemeldingar på førespurnaden:

Årskog barnehage

Ynskjer å oppretthalda barnehagen så lenge det er økonomisk forsvarleg. Dei har ikkje mogelegheit for å utvida barnehage pga. lokala. Dei ynskjer ikkje å byta lokale sidan dei er svært nøgde med naturen dei har tilgang til rundt barnehagen.

Fitjar soknerådsbarnehage

Ut frå det perspektivet ein ser i dag ynskjer barnehagen å fortsetja drifta slik som no både i forhold til lokalisering og tal på avdelingar.

Fitjarstølane barnehage

Vurderer ei rehabilitering/bygging av ny barnehage jf. budsjettvedtak sak 71/19 11.12.19.

Fjellheim FUS friluftsbarnhage AS

Ynskjer å vidareføra drifta. Dei ynskjer også å utvida talet på barnehageplassar dersom kommunen opnar opp for det. Er i gang med reguleringsplan jf. sak 50/19 i utval for plan og miljø 03.09.19. Dei ynskjer gjennom reguleringsplanen å tilretteleggja for nybygg. Dei ynskjer ikkje å byta lokalisering sidan staden er fantastisk i forhold til profilen som friluftsbarnhage. Barnehageeigar er villige til å overta eksisterande barnhagar dersom eigar ynskjer ein dialog om det.

Dåfjorden barnehage AS

Ynskjer å tilpassa seg den lokale marknaden. Utnyttar ikkje heilt kapasiteten, ser ikkje at det vert store svingingar i barnetalet framover. I området vert det arbeida med nytt byggefelt med tomt til ny barnehage. Lokaliseringa vil bli i bedehuset i åra som kjem.

Kvar skal ein utvida talet på barnehageplassar?

Ut frå tilbakemeldingane frå barnehagane er det berre Fitjarstølane barnehage og Fjellheim FUS friluftsbarnhage AS som viser interesse for ei utviding av drifta. Ut frå det behovet som ein ser med om lag 10 fleire barn i planperioden. Ut frå historia dei siste åra vil det kunna vera ein risiko for at ein av dei små barnehagane vil kunna bli avvikla i barnehageplanperioden. Av den grunn vel kommunen å gå vidare med å rigga ei kapasitetsutviding med om lag 25 barn (10 små og 15 store). Dette tilsvarar 35 plassar. Ut frå tilbakemeldingane vert då fokus retta mot ei eventuell utbygging i Fitjarstølane barnehage eller i Fjellheim FUS friluftsbarnhage AS.

Scenario for barnehageutviklinga i Fitjar

Utvida Fjellheim FUS Friluftsbarnhage frå 65 plassar til 100 plassar

Fjellheim FUS friluftsbarnhage ynskjer å utvida drifta jf. arbeid med reguleringsplan og innspel til planarbeidet.

Fjellheim	Små barn	Store Barn	Tal plassar
I dag	18	29	65
Ved ei utbygging	28	44	100

Dette vil føra til at dei må i gang med eit nybygg, noko som eigarane ynskjer. Dei må også få godkjenning av kommunen for auke i utbetaling av driftstilskot. (Gjeld for kapasitetsauken på 35 plassar – 10 små barn og 15 store) Dette kan eventuelt kommunen gjera gradvis. Ved ei utvida drift av denne barnehagen vil kommunen betala driftstilskot for små og store barn på lik linje som for dei andre barnehagane. Kapitaltilskotet føl dei nasjonale satsane som gjeld. Grunna eit nybygg vil kommunen sine utbetalningar til kapitalkostnadar auka.

Byggeår t.o.m. 2011	kr 9.300,-
Byggeår 2012 – 2014	kr 16.400,-
Byggeår 2015 -2017	kr 20.200,-
Byggeår 2018 -2020	kr 23.900

Med dagens 18 små og 29 store barn er kapitalkostnadane $kr\ 9.300 * 47 = Kr\ 437.100,-$

Dersom barnehagen bygger nye lokale vil kapitalkostnadane for dei same barna bli $kr\ 23.900 * 47 = 1.123.300,-$. Her vil ein få eit ytterlegare påslag ved ei utviding av 25 barn på $kr\ 25 * 23.900,- = kr\ 597.500,-$. Samla kapitalkostnadar for ein utvida barnehage $kr\ 1.720.800,-$. Ein auke i kapitalkostnadane på $kr\ 1.283.700,-$ frå dagens nivå.

Det er viktig å presisera at kommunen kan få auke i kapitalkostnadane uansett dersom barnehagen ynskjer å byggja nytt ut frå dagens barnetal. Det har dei rett til om dei ynskjer det.

Med ei slik løysing vil kommunen kunna styra talet på ledige plassar i tråd med utviklinga ved å gradvis gje barnehagen tilgang til auka driftstilskot etter søknad frå barnehagen. Dette under føresetnad at eigarane er villige til å byggja nytt i ein slik storleik som skissert ovanfor og at dei aksepterer å gå inn på ei slik ordning for gradvis auke i driftstilskotet. Barnehageeigar må følgja dei nasjonale rammene som gjeld for grunn og pedagogbemanning.

Når kommunen gir barnehagen kommunalt tilskot (etter ny godkjenning) for fleire barn enn det barnehagen er godkjent for i dag, vert dette sett på som ein varig kapasitetsauke for barnehagen.

Utvida Fitjarstølane barnehage frå 48 plassar til 83 plassar

Fitjarstølane barnehage treng ei vesentleg fysisk oppgradering. I budsjettet for 2020 er det lagt inn pengar til prosjektering (kr 500.000,-) får å undersøkje om det er aktuelt med ei rehabilitering eller eit nybygg. Det er i 2021 og 2022 lagt inn samla kr 24 mill. til rehabilitering/nybygg jf. vedtak 71/19 11.12.19. Fitjarstølane barnehage har i dag 12 små plassar og 24 store plassar. Dersom ein ynskjer å utvida med 10 små og 15 store i tillegg vil barnehagen samla ha 22 små og 39 store plassar.

Fitjarstølane	Små barn	Store Barn	Tal plassar
I dag	12	24	48
Ved ei utbygging	22	39	83

Gjeldande pedagognorm legg til grunn at:

- Det skal vera ein pedagog pr 7 barn under 3 år. Er det 8 barn må det vera to pedagogstillingar
- Det skal vera ein pedagog pr 14 barn over 3 år. Er det 15 barn må det vera to pedagogstillingar

Gjeldande grunnbemanningsnorm legg til grunn at:

- Det skal vera ein vaksen pr 3 barn under 3 år. Er det 4 barn skal det vera 1,33 stillingar
- Det skal vera ein vaksen pr 6 barn over 3 år. Er det 7 barn må det vera 1,17 stillingar

Begge bemanningsnormene kan ein sjå på samla for heile barnehagen.

Ved å byggja ut ein så stor kommunal barnehage vil kapasitetsbehovet i planperioden bli dekkja. Eit nytt bygg vil ha eit arealbehov på mellom 9m² – 12m² pr barnehageplass (nasjonal tilråding). Med ei utviding av barnehagen til 83 plassar vil her vera eit arealbehov på mellom 750m² – 1000m² i tillegg til eit stort uteområde.

Kapitalkostnadane kvart år for ei slik investering på 24 millionar vil kunna bli (Tek då utgangspunkt i 3 % rente og 40 års nedbetalingstid)

Tidshorisont	Kapital kostnad
Frå byggjeslutt og 10 år fram	Kr 1.320.000,- pr år
Frå 10 – 20 år	Kr 1.140.000,- pr år
Frå 20 – 30 år	Kr 960.000,- pr år

Tilskot til dei private barnehagane - dagens finansieringsmodell

Utgangspunktet er kommunen sitt rekneskap 2 år før tilskotsåret.

Kommunen sine utgifter til drift av den kommunale barnehagen og drift og vedlikehald av bygget, dannar grunnlaget. Desse utgiftene vert først justert for pensjon. Kommunen sine faktiske kostnader med pensjon vert erstatta med eit 13 % påslag på lønsutgiftene. Deretter legg ein på 4,3 % på toppen på alle utgifter til administrasjon. Til slutt vert utgiftene oppjustert med kommunal deflator for to år.

Inntektene vert berekna som om det ikkje var nokon med søskenmoderasjon eller redusert betalingssats.

Utgifter og inntekter vert fordelt på små og store barn ut frå faktisk barnetal. Slik kjem ein fram til tilskotssatsar for små og store barn.

Private barnehagar får og eit kapitaltilskot per barn, uavhengig av om dei er små eller store, ut frå kva år barnehagen vart bygd. Departementet publiserer kvar haust tabell over desse satsane.

Nasjonale satsar for tilskot til private barnehagar for 2020

Satsar for driftstilskot for private ordinære barnehagar:

Type barnehage	Kroner per heiltidsplass driftsutgifter, inklusive administrasjonspåslag	Tilsvarende sats i Fitjar kommune
Ordinære barnehagar, barn frå null år til to år	231 600	199 685
Ordinære barnehagar, barn frå tre år til seks år	111 800	94 701

Satsar for kapitalstilskot til private ordinære barnehagar:

Godkjenningsår	Kroner per heiltidsplass
Til og med 2011	9300
2012 – 2014	16 400
2015 – 2017	20 200
2018 - 2020	23 900

Verknad på tilskot til private barnehagar

Dersom utgiftene hadde vore 10 000,- meir i Fitjarstølane barnehage i 2018, ville tilskotet til dei private barnehagane blitt 42 435,- høgare i 2020.

Me får då eit høvetal på 4,25 meir i tilskot for kvar utgiftskrone.

Bemanning i den kommunale barnehagen har mykje å seia for kommunalt tilskot til dei private barnehagane. I ein gitt situasjon vil ein kunna oppleve at ein har 1 barn meir enn det pedagognorma legg føringar for. I eit slikt tilfelle må ein bemanna opp med ein pedagog og redusera innslaget av ein fagarbeidar. Skilnaden i løn vil kunna variera mellom 20.000,- – 100.000,-. Dette vil kunna føra til frå 85.000,- – 425.000,- i meirkostnader til dei private barnehagane for eit år. Dette er eit økonomisk «worst case» eksempel. Ein slik situasjon vil kunna oppstå i dag og dersom ein ikkje får fylt opp plassane i Fitjarstølane barnehage.

Dei private barnehagane har i dag dei same utfordringane. Denne belastninga må dei private barnehagane ta sjølv utan ekstra kompensasjon frå kommunen.

Økonomiske konsekvensar ved val av ulike scenario

Alt. 1 Alle barnehagane har like mange barn som i dag:

- Kapitaltilskot Fjellheim FUS Friluftsbarnehage.: + 0,7 mill. (Har då stipulert med nybygg)
- Kapitalkostnad rehabilitering Fitjarstølane barnehage: + 1,0 mill.

Alt. 2 Liten privat barnehage er lagt ned, Fjellheim FUS Friluftsbarnehage AS har tilskot / barn i alle 100 plassane. Fitjarstølane sit att med 8 små / 15 store barn.

- Kapitaltilskot Fjellheim FUS Friluftsbarnehage.: + 0,7 mill. (Har då stipulert med nybygg for eksisterande barnetal)
- Rehabilitering Fitjarstølane: + 1,0 mill.
- Tilskot utvida barnetal Fjellheim FUS Friluftsbarnehage: + 4,5 mill. (dette inkluderer kommunalt tilskot og kapitalkostnadar nybygg for utviding av barnetalet)

Alt. 3 Liten privat barnehage er lagt ned. Fitjarstølane har nybygg. Har teke inn barn tilsvarende 84 plassar. Fitjarstølane har fylt opp 21 små/42 store barn.

- Kapitaltilskot Fjellheim FUS Friluftsbarnehage.: + 0,7 mill. (Har då stipulert med nybygg)
- Nybygging Fitjarstølane: + 1,3 mill.
- Reduserte utgifter: - 2,5 mill. Auka kostnad kommunal barnehage 2.4 mill. Redusert tilskot 4.9 mill. til dei private barnehagane med utgangspunkt i dagens barnetal.

Alt. 4 Ved reduksjon i det samla barnetalet, private barnehagar driv med same tal barn som i dag, Fitjarstølane barnehage sit att med 8 små/15 store barn i ny barnehage.

- Kapitaltilskot Fjellheim FUS Friluftsbarnehage.: + 0,7 mill. (Har då stipulert med nybygg)
- Nybygging Fitjarstølane: + 1,3 mill.
- Auka utgifter: + 1,0 mill. (reduksjon kostnad kommunal barnehage 0.9 mill., auka tilskot til dei private barnehagane 1.9 mill.)

Ein kapasitetsauke av talet på barnehageplassar samtidig som barnetalet går ned vil vera ein risikofaktor i eit framtidig perspektiv. Risikoen for ei slik utvikling er liten i ein lenger tidshorisont. Ein reduksjon/eit uendra fødselstal vil uansett føra til auka konkurranse mellom barnehagane der dei minste barnehagane er mest sårbare. Dei største barnhagane vil kunna justera bemanninga etter barnetalet på ein helt annan måte. Kommunen vil ha begrensa styringskraft ovanfor dei private barnehagane med tanke på inntak av barn som ikkje har rett til barnehageplass på grunn av sin alder.

Oppsummering

Uansett scenario vil ein måtte ta høgde for at grunnlaget for drift av ein av dei mindre barnehagane vil kunna bli borte i løpet av planperioden. Og ein må leggje til rette for å gje plass til barna frå ein av dei mindre barnehagane i tillegg til 10 ekstra barn (fleire fødsjar + tilflytting).

Kva for løysing er best eigna?

- a) Delt utbygging av begge barnehagane?
- b) Ei utbygging av Fjellheim FUS friluftsbarnehage AS?
- c) Ei utbygging av Fitjarstølane barnehage?

I tillegg må ein ta omsyn til følgjande element:

- d) Økonomi (privat versus kommunal utbygging)?
- e) Behov for mangfaldet i barnehagetilbodet?
- f) Kva er den beste løysinga i høve geografisk plassering (kapasitetsauke)?

a) Delt utbygging av begge barnehagane

Denne løysinga vil bli den minst tenlege. Årsaka er at det vil vera fleire fleksible tilbod å forhalda seg til. Både kommunal barnehage og Fjellheim FUS friluftsbarnhage AS vil ha ein overkapasitet. Usikkert kvar auken i talet på barn vil koma. Store utvidingskostnader for begge barnehagane.

b) Ei utbygging av Fjellheim FUS friluftsbarnhage AS

Ei utviding av Fjellheim FUS friluftsbarnhage AS vil føra til at fleire av barnehageplassane i kommunen vil bli liggjande på Årbø. Mange foreldre køyrer til jobb på Stord, eller til jobb i Fitjar slik at det vil ikkje bli ein omveg om ein har eit utvida barnehagetilbod her. Ein kapasitetsauke vil kunna føra til auka konkurranse mellom dei andre barnehagane. Har Fitjar kommune først auka «konsesjonen» (talet på plassar som kommunen betalar driftstilskot til så kan ein ikkje dra denne «konsesjonen» tilbake)

c) Ei utbygging av Fitjarstølane barnehage

Ei utviding av Fitjarstølane barnehage vil kunna gje større forutsigbarheit i høve til utviding av talet på barn med behov for barnehageplass i Fitjar kommune. Dersom ein ynskjer det kan barnehagen vera «regulatoren» for vidare vekst i talet på barn som ynskjer barnehageplass. Ein slik tanke forutset at det vert bygt ein ny barnehage med fleksible avdelingsløysingar slik at det er eit stort handlingsrom med tanke på samansetjing av barnegruppene. Ein kapasitetsauke i Fitjarstølane vil på same måten som ein kapasitetsauke i Fjellheim føra til auka konkurranse mellom barnehagane.

d) Økonomi (privat versus kommunal utbygging)

Ei privat utbygging eller ei kommunal utbygging vil ha ulike risikofaktorar. Tilskotssatsane til dei private barnehagane har sitt utspring i den kommunale drifta av barnehagen. Desse satsane vil kunna variera ut frå om den kommunale barnehagen får fylt opp plassane sine. Ved ein overkapasitet i kommunal eller privat sektor vil både kommunal barnehage og dei andre private barnehagane bli sårbare for svingingar. Ein annan viktig faktor er at dei private barnehagane ved ledig kapasitet kan ta opp barn som ikkje har rett til barnehageplass. Dette er ein utfordring som me ser i mange av nabokommunane. Desse plassane får kommunen ingen refusjon for frå staten.

Kostnadane med ei slik løysing vil kunna variera ut frå talet på barn kopla opp mot grunnbemanning og pedagognorm. Enkelte år vil ein kunna koma «uheldig ut» i høve pedagognorma. I snitt vil dette bli utjamna over tid.

Kommunen bør ha ein kommunal barnehage med tydelege pedagogiske føringar og ei effektiv drift. Ein liten/marginal kommunal barnehage vil kunna få vanskar med effektiv drift og drive opp dei samla kostnadane til barnehagesektoren. Fråvær av ein kommunal barnehage vi driva opp dei samla kostnadane i barnehagesektoren fordi ein då må tildele tilskot ut frå nasjonal standard (Jfr Bømlo kommune). Ei utviding i kommunal regi vil vera med på å visa at kommunen som barnehageeigar tek ei aktiv rolle i barnehageutviklinga.

e) Behov for mangfaldet i barnehagetilbodet

Det er viktig å oppretthalda foreldra og barna sine valfridom i høve til mangfaldet i barnehagetilboda i Fitjar kommune. Slik stoda er i dag vert dette ivareteke på ein god måte. Slik ynskjer ein også det skal vera i framtida.

f) Kva er den beste løysinga i høve geografisk plassering (kapasitetsauke)?

Dei fleste bustadane vil bli bygde i sentrumsnære strok. Av den grunn vil det vera naturleg å auka barnehagekapasiteten i sentrum jf. grøn mobilitet i samfunnsdelen i kommuneplanen 2020 – 2040.

Ny barnehage i Rosneset

I arealplanen ligg det plan for ein barnehage i Rosneset. Slik det ser ut no er det lite tenleg å leggja ein ny barnehage i dette området sidan Fitjar soknerådsbarnehage ligg i nærleiken.

Ei utbygging av Fitjarstølane barnehage er den beste løysinga

Fitjar kommune har eit sterkt ynskje om at alle 5 barnehagane skal halda fram drifta si slik at mangfaldet i barnehagetilboda vert vidareført. Dette er ei tenleg løysing for foreldre og barn i bygda vår. Då er det eit barnehagetilbod i dei fleste krinsane i kommunen. Barnehagane i sentrum har flest søkjarar og behovet for fleire barnehageplassar vil koma i sentrumsnære strøk grunna attraktive bustadområde og korte avstandar til ulike tilbod på kvelds og ettermiddagstid. Av den grunn vil det vera mest fornuftig å auka barnehagekapasiteten i sentrum. Ved å auka kapasiteten, og det må ein uansett gjera er det ein risiko for at dei minste barnehagane kan få utfordringar med å fylla opp plassane sine. Profilerer dei seg godt vil dei kunna halda fram drifta i heile planperioden.

På grunnlag av dei analysane som er gjort vil Fitjar kommune fremja ein barnehage plan med rom for kapasitetsauke, og at denne kapasitetsauken vert i den kommunale barnehagen: Årsaka til dette er:

- Oppretthalde og utvikle Fitjar kommune si rolle som barnehageeigar
- Utbygging av ein fleksibel kommunal barnehage i sentrumsnære strøk. Auka attraktivitet.
- Utbygginga tek høgde for areal med ein kapasitetsauke på 25 barn frå dagens nivå.
- Den mest gunstige økonomiske løysinga. Kommunen styrer sjølv dei økonomiske mekanismane i høve kostnadar og kommunalt tilskot til dei private barnehagane.



Foto: Fjellheim FUS
Friluftsbarnhage

Vedlegg til plan

Vedlegg 1: Revidering av barnehageplan 2020 – 2030 – utgåande brev til alle barnehagane

Vedlegg 2: Tilbakemelding frå Fjellheim FUS Friluftsbarnhage

Vedlegg 3: Tilbakemelding frå Fitjar Sokneråds barnehage stifting

Vedlegg 4: Tilbakemelding frå Årskog barnehage

Vedlegg 5: Tilbakemelding frå Dåfjorden barnehage